

NOK EIN REKORD BASAR I VONHEIM!

24.11.2008



Forsamlinga er klar for årekjøp.

Resultatet i fjor var på nesten 10.000.-, i år blei det vel 13.000.-!
Vi i Vonheimsstyret takkar alle som har kjøpt lodd og gitt gevinstar. Takk til alle som deltok, både store og små, slik at basaren i år vart ein triveleg og sosial ettermiddag.



Utan dei små hjelperane våre blir det ingen god basar! Sunniva E. Myklebust og Celine Musland.

Det var ikkje berre rekord pengemessig, det måtte berast inn mange fleire stolar enn det vi hadde sett opp rundt borda! At folk støttar opp om huset og basaren gler oss.

Gunnar Kjærland haldt andakt til oss. Nils Naasen fekk jammen god lyd i orgelet, så vi fekk musikk til songen.

Vi hadde årsmøte i tillegg til basaren. Dei som no er med i styret er Kåre Vetrus, Anne Grete Sjø, Ingunn E. Myklebust, Anne Kjersti H. Lunde og Britt Torill M. Mathiesen.

Det som gleda grenda spesielt i kveld, var at SKL har støtta drifta og utviklinga av huset med heile 30.000.- kroner. Det kjem godt med i kassen, og vi kjem til å vurdera grundig korleis vi best mogeleg kan få nytta desse pengane til noko som gagnar huset i lang tid framover. Tusen takk til SKL!

Britt Torill M. Mathiesen



Trekkinga vert gjort av rutinert trio, Sverre Myklebust, Ingolf Musland og Anders Kristoffersen.